



Arkivsaknr: 2024/11412-1
Sakshandsamar: Leif Bjørnar Hopland
Avdeling: Oppvekst

SAKSFRAMLEGG

Framlegg til lokal forskrift om skulekrinsar og rett til skuleplass

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til lokal forskrift om skulekrinsar og rett til skuleplass i Alver kommune vert sendt på høyring med frist for tilbakemelding 10.01.2025.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld

Kommunestyret i Alver har 24.10.2024 vedteke ny barnehage- og skulebruksplan med endringar i grunnskulestrukturen. På bakgrunn av vedtaket blir det lagt fram framlegg til ny lokal forskrift om skulekrinsar og rett til skuleplass i Alver kommune. Ny lokal forskrift vil erstatte noverande forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune.

Ny opplæringslov har tredd i kraft 01.08.2024. Det er i lova opna for at kommunane kan fastsetje lokal forskrift om krinsgrenser heimla i [opplæringslova § 2-6](#). Det er eit krav i ny opplæringslov at lokal forskrift om skulekrinsar skal kunngjerast i Norsk Lovtidend (Lovdata).

Den lokale forskrifta skal ivareta elevane sine rettar til å gå på ein skule i nærområdet (nærskulen), gjere det føreseieleg og sikre likehandsaming ved tildeling av skuleplass. Forskrifta gjev informasjon om skulen sitt opptaksområde og reglar for skulebyte.

Partar

Framlegg til ny lokal forskrift om skulekretsar og rett til skuleplass vert sendt på høyring etter forvaltningslova § 37.

Partar er dei kommunale skulane i Alver v/rådsorgana samt kommunalt foreldreutval. Høyringa vert og sendt ungdomsrådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne samt arbeidstakarorganisasjonane.

Vurdering

Kommunestyret har vedtatt ny skulebruksplan om kva skulestruktur vi har i Alver. Forskrift om skulekrins avgjer, ut frå skulestrukturen, kva som er nærskulen til elevane. Kommunen kan og tildele skuleplass utan å fastsetje lokal forskrift om kringsgrenser, men må då alltid fatte enkeltvedtak om kva skule eleven skal gå på. Dei alle fleste kommunane fastset av den grunn lokal forskrift om kringsgrenser.

Elevane har rett til å gå på ein skule i nærmiljøet. Denne retten gjev uttrykk for det såkalla nærskuleprinsippet. Skulen skal vere eit fast haldepunkt i nærmiljøet til eleven, og skal sikre at barn som bur i det same området skal få gå på ein skule som ligg i deira naturlege nærmiljø, jf. [prop. 57 L \(2022-2023\)](#) s. 91 og 571. Med nærleik meiner ein den fysiske avstanden i form av reiseveg, ikkje luftline jf. [prop. 57 L \(2022-2023\)](#) s. 92. Kommunen kan i tillegg leggje vekt på andre forhold som kan påverke kva skule som reelt sett vert opplevd som nærast.

Det betyr at ein i fastsetjing av kringsgrenser skal leggje særleg vekt på kva skule som ligg nærast heimen til eleven, men og omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasitet på den einskilde skule (jf. oppl. § 2-6).

Etter tidlegare lovverk og tolkingsuttalar frå Utdanningsdirektoratet kunne kommunen berre leggje vekt på kapasiteten på ein skule viss ein skule var full. Dette er no endra slik at ein kan vektleggje kapasitet uavhengig av om ein skule er full eller ikkje. Kommunen skal ha handlingsrom til å gjere individuelle tilpassingar basert på personalressursar og dei materielle og økonomiske ressursane i skulen og kommunen, jf. [prop. 57 L \(2022-2023\)](#) s. 92. Det kan ikkje leggjast vekt på omsyn i strid med retten til å gå på nærskulen. Døme på det kan vere å samle elevar med funksjonsnedsetjing eller vidareføring av skular med svakt elevgrunnlag.

I framlegget til ny lokal forskrift som no vert sendt på høyring, kjem det fram kva skulekrinsar som er i Alver kommune basert på vedtatt skulestruktur. Følgjande tidlegare skulekrinsar er slått saman til ein krins:

Tidlegare krinsar	Ny krins
Eikanger skule	Eikanger skule
Kløvheim skule	
Lindås barneskule	Lindås barneskule
Myking skule	
Austebøgd skule	Hordabø skule
Hordabø skule	

Grensene for dei nye krinsane vert foreslått å følgje yttergrensene for dei tidlegare grensene.

Kart med noverande krinsgrenser:

<https://www.nordhordlandskart.no/share/466524b4293e>

Kart foreslått ny krinsgrense barneskule:

<https://www.nordhordlandskart.no/share/5368d194b02e>

Kart foreslått ny krinsgrense/opptaksområde ungdomsskule:

<https://www.nordhordlandskart.no/share/be6f73d39869>

Dei noverande krinsgrensene for skulane i Alver følgjer stort sett prinsippet om geografisk avstand til næraste skule. Men det er område i kommunen som har avvike noko frå dette. Dette gjeld særleg område på grensa mellom Manger og Sæbø skulekrinsar, der grensa i dag mellom anna går mellom Halland og Marås på austsida av Hallandsvatnet før den sørover følgjer Hallandsvatnet og Ølvatnet, Manger og Hordabø skulekrinsar der grensa går mellom Grindheim og Sætre og mellom Hella og Byrkjeland og Vestbygd og Rossland skulekrinsar der grensa går mellom Fløksand/Leirvik og Beitingen-området.

Det er ikkje foreslått i framlegget til ny lokal forskrift å endre desse grensene. Dette av omsyn til kva ein vurderer blir oppfatta som nærområde samt kapasitet på skulane. Fastsetjing av krinsgrenser skal bidra til å gjere det føreseieleg kva skule som er nærskulen for den einskilde elev i kommunen, og vil danne grunnlag for kva skule den einskilde elev blir tildelt. Kommunen ser at det kan vere ulike oppfatningar av kva som er nærskulen i desse områda, og handsamar ein del søknader om inntak på den skulen ein ikkje høyrer til ut frå krinsgrensene. Av den grunn ber ein i høyringa om innspel til behov for eventuelle justeringar av grensene i desse områda.

I framlegget blir det foreslått ei justering av kva barneskular som soknar til Knarvik ungdomsskule og Ostereidet ungdomsskule:

Ungdomsskule	Barneskule
Knarvik ungdomsskule	Alversund skule Knarvik barneskule Seim skule
Ostereidet ungdomsskule	Eikanger skule Leiknes skule Ostereidet barneskule

Endringa som er foreslått gjeld for dei elevane på Leiknes skule som ut frå noverande krinsgrenser soknar til Knarvik ungdomsskule. Avstandane mellom Leiknes skule og Knarvik ungdomsskule er 7356 m. Avstanden mellom Leiknes skule og Ostereidet ungdomsskule er 13 986 m ([Kart - Skyss Elev \(vlfk.no\)](#)). Avstanden er større mellom Leiknes og Ostereidet enn

Leiknes og Knarvik sjølv om ein stor del av busetnaden i noverande Leiknes krins bur i retning mot Ostereidet. Det er god vegstandard langs E-39 mellom Leiknes-krinsen og Ostereidet og ein vurderer at dette er innafor rimleg reiseavstand for ungdomsskuleelvar.

Knarvik ungdomsskule har i dag kapasitetsutfordringar. Om alle elevane på Leiknes skule går til Ostereidet ungdomsskule, vil dette vere med på å frigjere kapasitet i Knarvik. Ostereidet ungdomsskule hadde ved GSI-rapportering i oktober 2024 93 elevar. Ein ungdomsskule av den storleiken vil ha utfordringar med å stette krava til fagkompetanse og eit tilstrekkeleg fagmiljø. Eit større elevmiljø vil bidra til at elevane på Ostereidet ungdomsskule i større grad vil kunne få likeverdig tilgang til dei samla skuleressursane i kommunen blant anna ved større valfridom når det gjeld fag. Ein vurderer at ei justering av opptaksområde for Ostereidet ungdomsskule vil bidra til å styrke ungdomsskuletilbodet på Ostereidet ungdomsskule, -og sikre betre kapasitet på Knarvik ungdomsskule. Alle elevane på barneskulane langs Osterfjorden vil slik det er foreslått i framlegg til ny forskrift, få gå på same ungdomsskule på Ostereidet. Det er foreslått at verknadspunktet for endringa vil gjelde frå og med dei elevane som skal byrje på 8. trinn hausten 2025.

I framlegg til lokal forskrift er det foreslått i § 5 eit unntak frå fastsette skulekrinsar dersom skulen i krinsen er full. Det er opna opp for at kommunane i forskrift kan gjere ei slik vurdering viss skulekretsen er full jf. [Prop. 57 L \(2022-2023\)](#) s. 93 Kommunen må då i slike tilfelle fatte enkeltvedtak om kva skule eleven høyrer til. Foreldra vil ha rett til å uttale seg før det vert fatta vedtak jf. forvaltningsloven [§ 16](#) og opplæringslova [§ 10-2](#).

Foreldre kan søkje om at ein elev får gå på skule utafor skulekretsen [jf. opplæringslova § 2-6 andre ledd](#). I framlegg til lokal forskrift §§ 6-8 er det foreslått kva kriterium som ligg til grunn for å vurdere tildeling av skuleplass utafor skulekretsen. Ved handsaming av søknad om plass på ein skule utafor skulekrinsen, skal ein foreta ei individuell skjønsmessig vurdering. Ei vurdering av kva som vil vere det beste for barnet, skal vere eit grunnleggjande omsyn. Det er viktig å sikre at skulen har ledig kapasitet til å ta i mot elevar som flyttar til krinsen. Byte av skule kan innvilgast når skulen har ledig kapasitet, og det må ikkje medføre at elevar med rett til plass i skulekretsen mister denne retten til å gå på skulen. Retten til skuleskyss vil bli vurdert individuelt, som del av sakshandsaminga.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at framlegg til ny lokal forskrift om skulekrinsar og rett til skuleplass vert sendt på høyring med frist for tilbakemelding 10. januar 2025.

Det blir i høyringa særleg bedt om innspel på behov for justering av krinsgrenser mellom skulekrinsane Rossland og Vestbygd, Manger og Hordabø samt Manger og Sæbø. Ein ber i tillegg særleg om innspel til dei foreslåtte endringane av opptaksområde for Knarvik og Ostereidet ungdomsskular.

Vedlegg

1 Framlegg til lokal forskrift om skulekrinsar og rett til skuleplass